

AREAL: 57 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 2569

**A** USTRHEIM har fra gammalt av høyrt til Lindås prestegjeld. I 1837, då det kommunale sjølvstyret vart innført, høyrd Austrheim såleis til Lindås kommune. Den nye Austrheim kommune, skild ut frå Lindås i 1910, omfatta også Fedje (fram til 1947), men framleis høyrrer Austrheim til Lindås prestegjeld.

Gardane i den noverande Austrheim kommune høyrd med få unntak til Lindås skipreide heilt frå mellomalderen av.

Dette spreidde øyområdet, med over 500 store og små øyar, er eit gammalt kulturområde og eitt av dei finaste sjøbruksområde og kystmiljø i fylket.

I Øyane har båten vore livsnødvendig gjennom mange tusen år; heilt frå steinalderfolket ferdast her i sine skinnbåtar og fram til dei smekre betongbruene som spenner over straumane: Bakkstraumen, Kjelstraumen og Fosnstraumen.

Frå Snekkevik kan du vandra ein innhaldsrik kulturstig fram til det fine vesle kvernhusanlegget i Hoplandsmarka – eit nærbilete av naturalhushaldets energiforsyning.

Og med den i tankane har du det rette perspektivet for å sjå Mongstadianlegget, like innanfor grensa til Lindås.

Heilt nord på Lindåslandet smalnar landskapet av i eit smalt nes:

Vardetangen. Dette er fastlandsnoregs vestlegaste punkt □



PÅ BLÅ GRUNN  
TRE SØLV BJELKAR  
BØYGDE NEDOVER


Våpenet er godkjent ved kgl. res. 17.2.1989, og er teikna av Svein Skauge. Kommunen er ein øykommune og innbyggjarane er avhengige av båtar og bruer for å koma seg fram. Kommunen er i dag bunden saman av vel 30 større og mindre bruer. Det er tre bruer som er det heraldiske motivet på kommunevåpenet.

## ⌘ ASTRHEIM

Austrheim tyder beint fram «heimen i aust». Truleg har ein eldre gard «Vestrheim» gått inn i Austrheim. Førland inneholder gno, fyri «stad der det veks furu». Namn på Kross- kan ha ulike opphav, m.a. etter form og etter oppsette krossar. Førsteleddet i Kjelstraumen, skrive Keilustraumr i gno. tyder «smalt sund, renne». Hopland er usikkert, namnet finst òg i Meland. Sisteleddet i Rongevær tyder «oppholdsstad». (Rong, Øygarden ⑧285). Njøti, ofte skrive Njøten, heng saman med gno. njóta «nyta, ha godt av» og er i slekt med Nötterøy i Vestfold. Mastrevik (Mastrevikane) fortel kanskje om at dei har skipa ut skipsmaster her. Fonnes er usikkert, det er tolka både som «framneset» og som «ferjestadneset».

## FRÅ STEINALDER TIL OLJEALDER

Steinalderuplassane har lege tett på begge sider av den fiskerike Fosnstraumen, ein av dei beste fiskeplassane langs Hordalandskysten. Det er maten, havets ressursar, som har drege folk hit gjennom mange tusen år. Ved stader som Fosnstraumen slo dei første fastbuande fangstfolka seg ned for 6000 år sidan, og her rydda dei første jordbrukskarane seg bør mot slutten av steinalderen.



Flyfoto av straumen mellom Austrheim og Radøy kommunar.